

REFERAT FRÅ STYREMØTE I RØLDAL FJELLSTYRE

Frammøte: Ellen Drangevåg, Svein Myrheim, Torleif Fresvik, Helleik Rabbe og Randi T. Legård.

Stad: Røldal Skule, biblioteket

Tid: Tysdag 04. februar 2014 kl. 18.00 - 20.30

Sakliste:

- Sak 1/14:** Godkjenning av innkalling og møteprotokoll
- Sak 2/14:** Godkjenning av satsar for styrehonorar og møtegodtgjersle
- Sak 3/14:** Utleige av stølane
- Sak 4/14:** Hytte ved Nupstjørn
- Sak 5/14:** Vurdering av fredningssoner (storlek og kor lenge)
- Sak 6/14:** Fiskereglar. Gjennomgang / endring av tider og prisar
- Sak 7/14:** Post og meldingar
- Sak 8/14:** Mogelege andre saker
 - a) Jegerprøve
 - b) Ny konto og bankkort
 - c) Vaske- og jobbedugnad

Sak 1/14: Godkjenning av innkalling og møteprotokoll
Ingen merknader

Sak 2/14: Godkjenning av satsar for styrehonorar og møtegodtgjersle
Satsane som vart vedtekne på første styremøte i 2012, sak 03/12, vart godkjende.

Sak 3/14: Utleige av stølane
Det hadde kome inn 5 søknader til 4 stolar, Midtfjellsvollen hadde 2 søkerar.
Vi gjorde fylgjande vedtak:
Jon Hustoft: Ståvassvika
Nils Åge Sandal: Ulevåbotnen
Jan Haslemo: Hadlene + beitet i Ulevåbotnen
Jens Markhus: Midtfjellsvollen
Jens Markhus vart tildelt denne stølen fordi det er han som har vore fysisk til stades på stølen dei siste 20 åra. Viser til sak 21/13 med same grunngjeving.
Styret gjev Ellen og Helleik fullmakt til å koma fram til prisar og kor lenge kontraktane skal gjelda i møte med leigetakarane sondag 9/2.
Dersom det blir danna beitelag, må dei få kontraktar på 10 år for å få stønad.

Sak 4/14: Hytte ved Nupstjørn
Det var kome brev frå Statsskog om at denne saka ikkje var ferdighandsama frå deira side etter vedtaket vårt frå 2007 om at Tor Nilsson får disponera hytta så lenge han lever, og at den deretter blir overteken av Fjellstyret vederlagsfritt.
Vedtak:
Vi opprettheldt svaret som vart gjeve i brev av 13.november 2007, sak 27/07.
Torleif følte seg innhabil og stemte ikkje.

E.D./S.M. FT

L.T.L.

Sak 5/14: Vurdering av fredningssoner (storleik og kor lengre) .

Vi gjorde følgjande vedtak:

I utgangspunktet ønskjer vi å forlenga ordninga med same fredningskorridor i 4 nye år (totalt 5 år medrekna 2013), men vi ønskjer å ta eit etterhald med i vedtaket vårt, at vi kan reversera ordninga dersom tilhøva skulle tilseia det.

Sak 6/14: Fiskereglar. Gjennomgang / endring av tider og prisar.

Vedtak:

Vi gjekk inn for å utvida tida for stong og handsnøre til 1/1 - 30/9.

Prisane blir uendra.

Sak 7/14: Post og meldingar

- a) Referat frå haustmøtet november 2013 (mail 16.12.13)
- b) Søknad om uthus ved Gamlebua er sendt. (Ventar på svar frå tilsynsutvalget)
- c) Søknad om ROU-midlar for 2014 er sendt (mail 03.01.14)
- d) Referat frå møtet i Kinsarvik om evaluering / prosessen vidare ang. fredningssoner. Svein stilte for oss på dette møtet. (Referat ikkje motteke endå, invitasjonsmail 09.01.14))
- e) Møte i fjeloppsynsutvalget på Lofthus 05.02.14. Ellen reiser.
- f) Vårmøte på Skinnarbu 28-29.03.14
- g) X-reid-løp over vidda. (Diverse mailar med ulike syn på kva som bør tillatast frå forvaltningsmyndighet, villreinnemnd og fjellstyrer, mail 16.12.13 og 09.01.14))
- h) Utpllassering av bl.a foringsautomatar etc til fjellrev (Informasjon frå Statsskog mail 21.12.13)
- i) Snøskuterforsøket (Kommunane kan søka om snøskuterløyper. Fjellstyrha sin rolle her, mail 17.01.14)
- j) Rekneskapskontoret fører no med fjellstyrha sin kontoplan.
- k) Den gamle inatur.no blir lagt ned (mail 27.01.14)
- l) Utkast til nytt felles kontrollkort (mail 09.01.14, 14.01.14 og 21.01.14, høringsfrist 13.02.14 - Vi støttar forslaget til Svein Erik Lund)
- m) Røldalsmarknaden - Vi får låna Nils Åge sin lavvo i år også.

Sak 8/14: Mogelege andre saker

a) Jegerprøve

Det vart vedteke å arrangera jegerprøvekurs. Nils Åge Sandal har sagt seg villeg til å halda kurset.

b) Oppretting av ny konto og kredittkort

Vi har ca 1,2 mill på konto.

Det vart vedteke å bestilla bankkort til bruk når ein er ute på reise for Fjellstyret og til å handla på Handelslaget no når vi ikkje lenger kan handla på kredit der. Det vart og vedteke å oppretta ein ny konto som bankkortet skal trekkast frå.

c) Vaske- og jobbdugnad 21. - 23. mars

Vi vil prøva å få til en dugnad denne helga på Fjellstyrehytte i Hellevass med utskifting av solcellepanel (Eriksbu), diverse småreprasjonar og vasking.

Frode Myhre

Ellen Drangevåg

Randi T. Legård

Randi T. Legård (ref)

Laili Storhaug

REFERAT FRÅ STYREMØTE I RØLDAL FJELLSTYRE

Frammøte: Ellen Drangevåg, Svein Myrheim, Torleif Fresvik og Randi T. Legård. Odd Inge Tvedt kom akkurat då møtet var slutt.

Stad: Røldal Skule, biblioteket

Tid: Onsdag 05. mars 2014 kl. 18.00 - 19.30

Sakliste: **Sak 9/14:** Godkjenning av innkalling og møteprotokoll

Sak 10/14: Søknad frå Hydro om rehabilitering av dammane i Middyr

Sak 11/14: Høyring på forslag til villreinkvote

Sak 12/14: Fjellstyrehyttene - brannvern og transport

Sak 13/14: Vårmøte på Skinnarbu

Sak 14/14: Post og meldingar

Sak 15/14: Mogelege andre saker

a) Småviltjakt

b) Søknad til Fiskefondet

Sak 9/14: **Godkjenning av innkalling og møteprotokoll**

Ingen merknader

Sak 10/14: **Søknad frå Hydro om rehabilitering av dammane i Middyr**

Ingen merknader til søknaden, men vi bør ha tilgang til området under anleggsperioden. Torleif skriv brev til Hydro om dette.

Sak 11/14: **Høyring på forslag til villreinkvote**

Vi støtta villreinutvalget sitt forslag på 9000 dyr og fordelinga på 15 % F / 75 % S/U / 10 % K

Sak 12/14: **Fjellstyrehyttene - brannvern og transport**

Helleik tek seg av Ninnive og Ellen dei to andre.

Det blir dugnad i Hellevass 21. - 23. mars

Sak 13/14: **Vårmøte på Skinnarbu 28. - 29. mars**

Ellen reiser for Fjellstyret. Torleif er der i tillegg.

Sak 14/14: **Post og meldingar**

a) Svarbrev til Statsskog i samband med hytte/bu ved Nupstjørn

b) Referat frå møte med leigetakarane av stølar og beite på Haukeli og kontraktane som er sette opp med dei forskjellige

c) Avslag på søknad om leige av støl

d) Årsrapport frå HF

e) Brev til Odda Kommune - uttale om fredningskorridor på Røldal

Statsallmenning

f) Brev til Odda Kommune - uttale frå kommunen om endring av fisketider i Røldal Statsallmenning. Vi har ikkje fått svar frå Kommunen endå.

g) Brev til Hydro - purring på førespurnad om bruk av veg til Kaldevatn vart sendt 7/2.

h) Referat frå Ullensvang Fjellstyre

i) Oppslag om jegerprøvekurs med Nils Åge Sandal som instruktør er hengt opp på Handelslaget

j) Referat frå møte i Fjelloppsynsutvalet 05.02

E.D R.T.L. S.H. T-F

- k) Førespurnad frå Magnus/Skyttarlaget om gávepremie til Samlagsstevne våren 2014. Han kan kjøpa sjølv og senda rekning.
- l) Torleif har bestilt 20 ørekytteiner

Sak 15/14: Mogelege andre saker


a) Småviltjakt

Dette må bli sak på neste møte.

b) Søknad til Fiskefondet

Torleif har sendt søknad til Fiskefondet om tilskot til kjøp av settefisk.

Randi T. Legård (ref)


Randi T. Legård

Ellen Drangerås

REFERAT FRÅ STYREMØTE I RØLDAL FJELLSTYRE

Frammøte: Ellen Drangevåg, Svein Myrheim, Torleif Fresvik, Helleik Rabbe og Randi T. Legård.

Stad: Røldal Skule, biblioteket

Tid: Tysdag 29. april 2014 kl. 18.00 - 21.30

Sakliste:

- Sak 16/14:** Godkjenning av innkalling og møteprotokoll
- Sak 17/14:** Årsmelding 2013
- Sak 18/14:** Rekneskap 2013
- Sak 19/14:** Småviltjakt 2014
- Sak 20/14:** Villreinjakt 2014
- Sak 21/14:** Samjaktavtalar
- Sak 22/14:** Brev til Villreinnemnda for Setesdal Vehei og Hardangervidda med oppfordring til felles møte om lang Haukelitunnel
- Sak 23/14:** Bestilling av informasjonsplakatar
- Sak 24/14:** Post og meldingar
- Sak 25/14:** Mogelege andre saker

Sak 16/14: **Godkjenning av innkalling og møteprotokoll**
Ingen merknader

Sak 17/14: **Årsmelding 2013**
Godkjent, ingen merknader

Sak 18/14: **Rekneskap 2013**
Rekneskapen viste eit overskot på 113.435,-
Godkjent, ingen merknader

Sak 19/14: **Småviltjakt 2014**
Det vart vedteke å gjennomføra ei taksering ein gong til sommaren etter 20. juni. Vi vil koma tilbake til ei eventuell fredning etter at dette er gjort.

Sak 20/14: **Villreinjakt 2014**
På "Syd" vil den vedtekne rulleringa fortsetja der ein som har fått kort eit år kjem nedst på lista dei 2 neste åra.
Prisane blir dei same som i fjar:

Bukk:	1200,-
Simle / ungdyr:	800,-
Kalv:	400,-

Utanbygdsjegrar og utflytte røldøler betaler 1600,- for simle / ungdyr og 800,- for kalv.

Maks antal utanbygdsjegrar vart sett opp frå 20 til 35.

Nattefredning mellom kl. 19.00 og 07.00.

Fredningskorridor som før frå toppen av austre Eltaren til toppen av Urdanuten til utløp av Store Urdavatn (v/snømålestong) og attende til Austre Eltaren (trekant)

Fjellstyret kan selja kort til redusert pris etter 10. september dersom mange har fått jakta og jaktpresset er lågt.

E.D R.T.L. S.H. T.F.

Sak 21/14: Samjaktavtalar

Det var kome søknad frå Røldal Grunneigarlag på vegne av HA-290 og HA-300 om samjaktavtale der grunneigarane kunne jakta med privatkort på heile Røldal Statsalmennung.

Helleik var innhabil og måtte gå ut under denne saka.

Vedtak:

Jegrar med kort på Røldal Statsallmenning kan bruka kort frå HA-290 og HA-300 på heile Røldal Statsallmenning. Andre jegrar med kort frå desse valda kan berre bruka dei inn til Turistvegen som før.

Sak 22/14: Brev til Villreinnemnda for Setesdal, Ryfylke og Hardangervidda

Det vart vedteke å senda brev til desse med oppfordring til felles møte om lang Haukelitunnel i samband med at villreinen i Setesdal i harde vintrar har behov for å trekkja nordover.

Torleif tok på seg å forfatta eit brev.

Sak 23/14: Bestilling av felles informasjonsplakatar for fjellstyra

Det vart vedteke å bestilla 3 stk. informasjonsplakatar

Sak 24/14: Post og meldingar

- a) Referat frå vårmøtet
- b) Orientering om fjellstyrehyttene (transport, brannvern, nytt solcelleanlegg og golv i Eriksbu, nytt uthus Gamlebua) Undersøka forsikring av dugnadsfolk
- c) Gjennomgang av stølane. Svein blir med og ser kva som må gjeraast.
- d) Fjellhelg 2014 - vellukka i fjar så vi satsar på ny iår med fisking, utsetting av fisk mm. Dato blir sett på neste møte
- e) Røldalsmarknaden 2014. Vi har fått ROU-midlar - laga ein Quiz med flotte premiar.
- f) Svar frå Hydro vedr. veg til Kaldevatn
- g) Brev frå Kristin og Kåre Skromme
- h) Rapport minimumstelling
- i) Orientering om framdriftsplan på prosjektet "Støl Haukeli" frå Jan Haslemo
- j) Svein sit i Grendahusstyret for Røldal Fjellstyre

Sak 25/14: Mogelege andre saker

- a) Fredning av småvilt i fredningskorridoren

Dette må vi ta opp neste gong.

- b) Prøva å få til eit møte med Hydro om Valldalen og reserveveg dersom isen ikkje er sikker.

Randi T. Legård (ref)

*Eten Drangevåg
Randi T. Legård
Søl Røldal
Talent & h*

REFERAT FRÅ STYREMØTE I RØLDAL FJELLSTYRE

Frammøte: Ellen Drangevåg, Svein Myrheim, Torleif Fresvik, Helleik Rabbe og Randi T. Legård

Stad: Røldal Skule, biblioteket

Tid: Måndag 23. juni 2014 kl. 17.00

Sakliste:

- Sak 26/14:** Godkjenning av innkalling og møteprotokoll
- Sak 27/14:** Trekking av villreinkvote 2014
- Sak 28/14:** Utdelingsdag jaktkort
- Sak 29/14:** Småviltjakt 2014 - freding eller ikkje - taksering
- Sak 30/14:** Fjellhelg 2014
- Sak 31/14:** Post og meldingar
- Sak 32/14:** Mogelege andre saker

Sak 26/14: **Godkjenning av innkalling og møteprotokoll**
Ingen merknader

Sak 27/14: **Trekking av villreinkvote 2014**

Det var 71 innanbygdssøkjarar på Nord og 43 på Syd. I tillegg var det 1 nybyrjar. Av utflytte røldøler var det 6 og så var det 62 utanbygds. På Nord var vi tildelt kvote på 371 dyr (56 frie dyr, 278 simle/ungdyr og 37 kalv) På Syd hadde vi fått 23 dyr (2 bukk, 6 simler, 4 simle/ungdyr og 11 kalv) Vedtak: Syd - 12 jegrar blei trekt ut, 1 bukk åleine elles kalv med på dei andre. Nord - Alle innanbygds jegrar får 3 dyr, anten 1 fritt dyr + 2 simler eller 3 simler, nybyrjarane får 1 simle gratis. Alle utflytte røldøler får 2 simler og dei 35 første uttrekte utanbygds får og 2 simler.
Dei resterande simlekorta og alle kalvekorta kan kjøpast av alle uttrekte jegrar.

Sak 28/14: **Utdelingsdag jaktkort**

Vedtak: Det blir utdeling av jaktkort måndag 11. august. Informasjon kl. 18.30 og utdeling kl. 19.00. Dei som ikkje tek imot tildelte kort, må gje beskjed innan 1. august. Jegranne må ta imot tildelt kvote.
Randi hengjer opp liste på Handelslaget med uttrekte innanbygds- og utanbygds-jegrar. Ellen sender melding til dei uttrekte utanbygds-jegrane.

Sak 29/14: **Småviltjakt 2014 - freding eller ikkje - taksering**
Sjå eige vedlegg

Sak 30/14: **Fjellhelg 2014**

Vi er tildelt 9000,- i friluftsmidlar frå Norges Fjellstyresamband.
Det må anten bli helga 1. - 3. august eller helga etter. Ellen hengjer opp plakat om påmelding når helga er endeleg bestemt.

*Ellen Drangevåg
R.T.L.S.O
Talent Xh*

Sak 31/14: Post og meldingar

- a) Synfaringsrunde på Hardangervidda 2014
- b) Møtebok Ullensvang Fjellstyre
- c) Svar frå kommunen om endring av fiskereglar
- d) Ny støl på Stronda
- e) Røldalsmarknaden 2014 - oppsummering
- f) Oppsummering møte om E-134 over Haukelifjell 29/4
- g) Ny forvaltningsmodell Hardangervidda nasjonalpark
- h) Fiskeprosjektet - gode fiskevatn?
- i) Røldalsløpet har fått 1000,- kr.
- j) Telefonmøte i FH (Fjellstyra på Hardangervidda) - møtegodtgjersle 400,-

Sak 32/14: Mogelege andre saker

a) Spørsmål om støtte til fjelltur - Røldal Skule

Det hadde kome spørsmål frå skulen om Fjellstyret kunne støtta den tradisjonelle viddaturen til Ungdomsskulen. Ellen hadde konferert med styremedlemmene før møtet og svart at vi ikkje kan gje driftsstønad, men at vi kan gje stønad til utstyr.

Dette vedtaket vart stadfesta i møtet.

Randi T. Legård (ref)

Randi T. Legård
Fjellstyra
Ellen Drangsvåg

SAK 29/14 SMÅVILTJAKT 2014/15

VEDLEGG I REFERAT STYREMØTE 23.06.14

SAKSUTGREIING:

Røldal fjellstyre hadde småviltjakt oppe til diskusjon i møte 29.04.14, for å vurdere tiltak på Røldal statsallmenning jaktsesongen 2014/15. Flere av statsallmenningene nord for Røldal har gjort vedtak, eller ønsker fredning på sine allmenninger, og Odda/Ullensvang fjellstyre har gjennom muntlig henvendelse oppfordret Røldal til å gjøre det samme. (I ettertid av vårt siste styremøte, har Odda kommunestyre gått imot fredningsforslaget til Odda/Ullensvang fellesstyre. Saken er videresendt til Miljødirektoratet som tar endelig avgjørelse om Odda/Ullensvang får frede rypen eller ikke).

Hellevass er det området i Røldal statsallmenning (nord på allmenningen) som grenser mot Odda/Ullensvang. Det er langt å gå dit (ikke rett på landingsløyve til småvilt), og området har hatt ubetydelig jakttrykk av småvilt de senere årene. Antagelig fordi det er langt fra vei (oppgitt til 7 t av DNT), vi åpner ikke småviltjakten før 20.september, og det er ikke anledning til å jakte med hund. Det har heller vært liten interesse for småviltjakt i Hellevass blant de jegerne som er på villreinjakt.

Syd på Røldal grenser statsallmenningen mot vei (E134), og her har vi et mye større jakttrykk. Naboeiendommene her er bl.a privateiendommer, og de har så vidt vi vet ikke innført fredning. De fangstrappertene vi har mottatt fra området ved E134, tyder på at det er lite fugl i terrenget. Noen få jegere rapporterer kanskje 0 eller 1 skutt fugl.

Gjennom kurs i regi av Norges Fjellstyresamband får styremedlemmene i fjellstylene innføring i saksbehandling, og der blir det presisert at vedtak gjort av fjellstylene, skal begrunnes. På bakgrunn av blant annet dette, finner Røldal fjellstyre det vanskelig å gå for fredning uten grundigere vurdering. Vi bestemte derfor på møte 29.04.14, sak 19/14, å undersøke mulighetene for å taksere området på Røldal statsallmenning som ligger nærmest vei, for å få et bedre grunnlag til å fatte vedtak om eventuell fredning.

I ettertid av dette har leder i fjellstyret tatt kontakt med flere for å utrede mulighetene for taksering. Deriblant Marius Kjønsberg fra Høgskolen i Hedmark, som videreformidlet kontakt med forsker Marie Willebrandt, som har forskningsprosjekt i Norge, Sverige og Finland på fjellfugl (allmenningen ligger så høyt at vi har i hovedsak fjellfugl, ikke lirype). Vi fikk oversendt mye informasjon om taksering, og gjennom telefonsamtale sa hun seg interessert i å tolke data innsamlet fra vårt område. Betingelsene for å gjøre det, var at vi selv skaffet 10-12 hundeførere som var villig til å gjøre jobben, og at de måtte gjennomgå takseringskurs med henne eller noen hun hadde godkjent som kursholdere.

Leder i fjellstyre tok også kontakt pr telefon med Jo Inge Breisjøberget fra Statskog, som er en av kontaktpersonene i Hønsefuglportalen. Pr telefon fikk leder mye informasjon og anbefalinger som ble videreformidlet til resten av fjellstyre på styremøte 23.06.14. Røldal fjellstyre ønsket å få anbefalingene fra Breisjøberget skriftlig, og leder sendte et forslag til referat til Jo Inge Breisjøberget, som godtok at han ble referert til, og kom med enkelte korrigeringer som er lagt til i referatet.

Leders forslag til referat etter samtale pr telefon med Breisjøberget:

-Begynn med utvidet fangstrappering for å finne antall fangstdager og antall fugl felt. Hvis antallet er veldig høyt, faretruende for bestanden, bør det fredes (som siste utvei).
Breisjøberget tilleggs kommentar :

Fredning er siste utvei og må betinge at dere vet eller i det minste har sterke indisier på at jakta påvirker bestanden negativt. At det er jaktuttaket som gjør at stammen er så lav. Hva gjør dere om ikke fredningen har den ønskede effekt ? Og hvordan måle effekten av en fredning? Det kan være tiltak som er populært rent lokalt og blant en del jegere, men det er vanskelig å se eller måle noen effekt av det.

R.T.L.S.M

F.D

Leders forslag til referat etter samtale med Breisjøberget:

-Å frede kan bedre forholdene for andre predatorer, og igjen føre til flere av de, som igjen gir ennå dårligere forhold for fjellrypen.

Breisjøbergets tilleggs kommentar:

Tar du vekk mennesket som predator så vil det uttaket vi mennesker står for stort sett erstattes av annen predasjon. Det blir bedre betingelser for rev, jaktfalk, kongeørn osv.

Leders forslag til referat etter samtale pr telefon med Breisjøberget:

-Terrenget Røldal ønsker å få taksert (område rundt Store Nup, Nupsfonn) egner seg dårlig til taksering med hund, svært vanskelig å utføre godkjente takseringslinjer i bratt terreng, ikke lett å få nok folk med gode hunder til å gjøre jobben.

(Breisjøbergets tilleggs kommentar:

Merk: Dette er basert på hva du forteller meg og slik jeg tror det ser ut hos dere, jeg kjenner ikke forholdene lokalt hos dere.)

Leders forslag til referat etter samtale pr telefon med Breisjøberget:

-Det skal gjennomføres et prosjekt i Jardarheimen neste vår, med lytteposter for å telle/registrere antall fugl. Får ikke kullantall (antall kyllinger), men kan gi ett bilde av antall fugl fra år til år.

Breisjøbergets tilleggs kommentar:

Ja, dette registrerer stamfuglbestanden din og om den går opp eller ned over tid. Som forvalter er det jo det som er det interessante, men for jegerne så er det antall fugl om høsten som teller (stamfugl + årets produksjon).

Ved radiomerking av fjellrype i prosjektet til Maria H. Willebrand, leder i Sverige, så har de funnet ut at fjellrypene trekker rundt i store fjellområder. De må i noen tilfeller opp i fly for å finne igjen sine radiofugler og da har de vært mange mil unna der de ble merket. Hvis dette er mønsteret betyr det at vi må forvalte fjellrypa i store enheter og ikke kun lokalt.

Leders forslag til referat etter samtale pr telefon med Breisjøberget:

Jo Inge Breisjøberget i Statskog anbefalte ikke fredning.

Breisjøbergets tilleggs kommentar:

Det er helt riktig. Få en best mulig oversikt over innsats (=antall jaktdager) og uttak, dvs antall skutte fugl først. Så får dere vurdere tiltak etter det.

Leders forslag til referat etter samtale pr telefon med Breisjøberget:

Hvis jegerne tok ut veldig lite fugl (i følge fangstrappertene), var det etter hans mening ingen vits i å frede. Fuglen hadde naturlige fiender hele året, og jegerne tok ofte ut fugl (kyllinger) som allikevel hadde blitt tatt av andre predatorer seinere på høsten eller vinteren. Ved å frede vil vi bedre forholdene for disse.

R.T.Z. S.H
ED

FORSLAG TIL VEDTAK:

Etter en samlet vurdering vil ikke Røldal fjellstyre prøve å få til taksering eller frede Røldal Statsallmenning for sesongen 2014/15.

Styret vil arbeide for en utvidet fangstrappering, for bedre å finne antall fangstdager og antall fugl felt. Som ekstra tiltak kan vi kontakte jegere i ettertid av jakta (som har kjøpt kort via iNatur eller gjort henvendelser direkte til oss). Videre kan vi ha oppslag/informere på salgsteder med ekstra oppfordring til å sende inn fangstrapper med antall jaktdager.

Videre må vi vurdere mulighetene for å bruke lytteposter om våren. Følge med i prosjektet i Jardarheim for å kunne dra nytte av erfaringer gjort der.

VEDTAK :

Røldal fjellstyre støttet enstemmig forslaget til vedtak.

R.T.L. S.O

ED

REFERAT FRÅ STYREMØTE I RØLDAL FJELLSTYRE

Frammøte: Ellen Drangevåg, Svein Myrheim, Torleif Fresvik, Odd Inge Tvedt og Randi T. Legård

Fråvær: Helleik Rabbe

Stad: Røldal Grendahus

Tid: Måndag 11. august 2014 kl. 18.30 - 21.00

Sakliste: **Sak 33/14:** Utdeling av jaktkort

Sak 33/14: UtDELING AV JAKTKORT

Ellen og Torleif informerte først om reglar for jakta med nattefredning og fredningssoner. Dertetter litt om fiskereglar.

Det var ein del som ikkje tok imot korta sine slik at vi måtte gjennom heile reservelista på syd og til slutt måtte vi og trekkja blant dei som ikkje stod på reservelista.

På nord fekk til slutt alle innanbygdsjegrane eit fritt dyr og endå var det til overs som Torleif skulle henga opp lapp om på Handelslaget.

Elles skulle Oddvar ta med seg ein del kalvekort innover, slik at folk kunne kjøpa der inne. Ellen og Torleif skulle også ta med seg ekstra kort for salg når dei var innover.

Randi T. Legård (ref)

The image shows four handwritten signatures in blue ink. From top to bottom: 1) "Randi T. Legård" with a horizontal line through it. 2) "Odd Inge Tvedt" with a horizontal line through it. 3) "Helleik Rabbe" with a horizontal line through it. 4) "Ellen Drangevåg" with a horizontal line through it.

REFERAT FRÅ STYREMØTE I RØLDAL FJELLSTYRE

Frammøte: Ellen Drangevåg, Svein Myrheim, Torleif Fresvik, Odd Inge Tvedt (vara for Helleik Rabbe), og Randi T. Legård

Fråvær: Helleik Rabbe

Stad: Røldal Skule, biblioteket

Tid: Torsdag 16. oktober 2014 kl. 18.00 - 20.00

Sakliste:

- Sak 34/14:** Godkjenning av innkalling og møteprotokoll
- Sak 35/14:** Brev fra Statsskog - vedrørande utvising av ny støl til person utan bruksrett
- Sak 36/14:** Tilbakesendt sak frå Kommunen - fredning av småvilt i perioden 20/9 - 30/9 i fredningskorridoren for villrein på Røldal Statsallmenning
- Sak 37/14:** Ny forvaltningsmodell for Hardangervidda.
- Sak 38/14:** Salg av fiskekort og småviltjaktkort - kor?
- Sak 39/14:** Post og meldingar
- Sak 40/14:** Mogelege andre saker

Sak 34/14: **Godkjenning av innkalling og møteprotokoll**
Ingen merknader

Sak 35/14: **Brev fra Statsskog - vedrørande utvising av ny støl til person utan bruksrett.**
Det hadde kome svar frå Statsskog der dei skisserer andre premissar enn dei Fjellstyret tidlegare har vedteke for å kunna gje positiv uttale til utvising av ny støl.
Det vart gjort fylgjande vedtak: Røldal Fjellstyre kan ikkje utvisa støl på dei premissane Statsskog skisserer i brev datert 19.09.14.
Ellen forfattar brev tilbake til Statsskog. (Vedlegg)

Sak 36/14: **Tilbakesendt sak frå Kommunen - fredning av småvilt i perioden 20/9 - 30/9 i fredningskorridoren for villrein på Røldal Statsallmenning**
Vi har fått saka tilbake frå Kommunen fordi dei tviler på at vi kan bruka §23 i Fjellova. Vi vil undersøka med Fjellstyresmbandet om det er korrekt, og dersom vi får medhald, vil vi senda det tilbake til Kommunen.
Ellen underøker dette.

Sak 37/14: **Ny forvaltningsmodell for Hardangervidda.**
Vedtak: Røldal Fjellstyre ynskjer den ordninga som er i dag.
Den fungerer i alle fall godt i Hordaland.
Ellen tek vedtaket vårt med til dialogmøte på Geilo 22.10 med Grunneigarsamskipnaden, Fjellstyrta og Ordførarutvalet.

Sak 38/14: **Salg av fiskekort og småviltjaktkort - kor?**
Vi vil prøva å fa mest mogeleg gjennom www.inatur.no. Også eigne kort for innanbygdsbuande vil koma her.
Garnkort vil vi og selja på jaktkortutdelinga.
I tillegg vil vi bruka Turistinformasjonen så lenge den er open.

Sak 39/14: Post og meldingar

- a) Uviding av arbeidsgruppe som skal vurdera mogelegheiter for auka verdiskaping i villreinfjellet
- b) Ny stortingsmelding om friluftsliv
- c) Fjellhelg 2014 avlyst grunna ingen påmelding - midlane overført til Røldal Skule sin fjelltur.
- d) Uthuset i Hellevass er omtrent ferdig

Sak 40/14: Mogelege andre saker

Ingen nye saker vart meldt.

Randi T. Legård (ref)

VEDLEGG TIL SAK 35/14

Statskog
v/Kristin Midtmageli

SVAR TIL STATSKOG VEDRØRENDE UTVISNING AV NY STØL PÅ HAUKELI

Røldal fjellstyre hadde styremøte i går 16.10.14, og behandlet i sak 35/14, brev av 19.09.14 fra Statskog – Røldal statsallmenning – vedrørende utvisning av ny støl til ikke bruksberettiget.

Historikk: Røldal fjellstyre bygget i sin tid 4 støler som har vært utleid siden. Har lett i Bygdeboka for Røldal, og har kontaktet en del folk i bygda, for om mulig tidfeste når og hvordan dette ble gjort. Har ennå ikke funnet skriftlig materiale med eksakt årstall. Det de muntlige kjeldene oppgir, er at denne ordningen går tilbake til tidlig på 1900 tallet, og at uteie av stølene med beite, først ble auksjonert bort på 3 års leieavtaler. Senere ble beitene med støl utlyst hvert 3. dje år for innenbygdsboende med beiterett, og fjellstyret avgjorde hvem som fikk leieavtale.

Denne måten å leie ut fjellbeitene på, har blitt videreført, men nå til utenbygdsboende som ikke er bruksberettiget, da det ikke har vært innenbygds søker med beiterett (unntaket er husene på stølen Ulevåbotnen som blir leid ut til en innenbygdsboende uten beiterett (beite rundt blir uteid til Jan Haslemo som leier nabostølen Hadlene)).

Da Røldal fjellstyre ga positiv uttale til utvisning av ny støl til Jan Haslemo, som ikke er bruksberettiget, var det med klare føringer på hvordan fjellstyret mente det burde organiseres (viser til tidligere brev). Dette var tuftet på den praksis som har vært på Røldal statsallmenning fra før. Og søker (Jan Haslemo), har gitt uttrykk for at dette var betingelser han kunne godta.

Statskog har gjennom brev og tlf samtaler, skissert en helt annen modell for utvisning av ny støl, og har henvist til fjelloven og seterforskriften. Tidligere fjellstyreforman i Røldal, Magnus Solbakken, kommenterte at seterforskriften må regnes som ny i forhold til ordningen vi har hatt her i Røldal.

Vi i Røldal fjellstyre har full forståelse for at dagens lovverk må følges, og hvis Statskog mener det er imot gjeldende lover å tilby utvisning av ny støl med de betingelsene vi stilte, så må Røldal fjellstyre ta det til etterretning. Men da er grunnlaget for å kunne gi en positiv uttale for utvisning av ny støl i så fall bortfallt.

Statskog v/Midtmageli skisserte i brev av 19.09.14 en mulig løsning for å kunne utvise ny støl til ikke bruksberettiget. Røldal fjellstyre diskuterte innholdet, og var enstemmig negativ til den skisserte løsningen. Det kan forklares på flere måter. Etter vår mening har fjellstyret en plikt (hvis mulig) til å støtte lokalt næringsliv. Videre skal fjellstyret ivareta de bruksberettigete sine interesser. Om det ikke er bruksberettigete med beiterett med ønske om å leie beite med støl på Haukeli pr dags dato, er det ingen som kan forutsi situasjonen innen landbruket om 20-30 år. Etter vår mening ville fjellstyret gjøre en fatal feil i forhold til de bruksberettigete i fremtiden hvis vi godkjente at en ikke bruksberettiget fikk den avtalen Statskog skisserer. Det ville og gitt signal til andre ikke bruksberettigete om muligheter for festekontrakt på statsallmenningen.

Vi er blitt fortalt at det er et økende problem over hele landet at stølsdriften opphører. Da er det et tankekors at vi ikke opplever det samme her hos oss, med stølene til fjellstyret på Haukeli. I tillegg til de som vi har som leietakere i dag, har vi det siste året mottatt 2 nye søknader (ikke bruksberettiget, men jordbrukere med melkedyr) som ønsker å leie beite med støl hos oss. Gledelig at det finnes flere som ønsker å støle på fjellet, og synd vi ikke har flere beiter ledig. Da blir neste tankekors, er det ordningen vi praktiserer her etter eldgammel modell som er mest hensiktmessig, eller er det seterforskriften som gir mulighet for festekontrakt, hvor du kan la være å drive stølen, så drive 1 år for deretter få 20 nye år ? Og i

verste fall få stølen omgjort til fritidsbolig til slutt. (Dette er langt forbi problemstillinger et lite fjellstyre skal befatte seg med, men fristende å ta med alikevel).

Om ordningen vi har i dag er uvanlig, har den vært kontinuerlig. Fjellstyret ser det som svært positivt at stølsdriften blir videreført, og fjellstyret har derfor subsidiert stølsdriften gjennom billig beiteleie (økte summen i fjor til kr 16.000,-, for å prøve å ta igjen mange års manglende vedlikehold. Summen før det var det i svært mange år på kr 8.000,- i året). Vil påstå at det aldri har vært et motiv for fjellstyret å tjene penger på stølene, tvert imot.

Og han som søker om utvisning av ny støl, Jan Haslemo, har gjennom telefonsamtaler gitt uttrykk for den samme holdning til saken som Røldal fjellstyre har, og har ikke signalisert noe ønske om festekontrakt til oss.

Konklusjon:

Røldal fjellstyre vil ikke gjøre vedtak om utvisning av ny støl på de premisser Statskog skisserer i brev.

Med mindre det ikke kan gjennomføres med dagens gjeldende lover og med de betingelser Røldal fjellstyre har satt, trekker Røldal fjellstyre tilbake den positive uttalelsen vi gav til utvisning av ny støl.

Vi håper å få forståelse for den måten vi leier ut stølene på, og ser ikke hensikten med et møte for å diskutere fjellstyrets rolle som uteier, da ordningen vi har er utenom det ordinære.

Med hilsen Røldal fjellstyre
v/Ellen Drangevåg

REFERAT FRÅ STYREMØTE I RØLDAL FJELLSTYRE

Frammøte: Ellen Drangevåg, Torleif Fresvik, Helleik Rabbe, Odd Inge Tvedt (vara for Svein Myrheim) og Randi T. Legård

Stad: Hordatun Hotell

Tid: Torsdag 4. desember 2014 kl. 18.00 - 20.00

Sakliste:

- Sak 41/14:** Godkjenning av innkalling og møteprotokoll
- Sak 42/14:** Oppsummering av reinsdyrjakta 2015
- Sak 43/14:** Svar frå Odda Kommune - freding av småvilt i perioden 20/9 - 30/9 i fredninskorridoren for villrein på Røldal Statsallmenning
- Sak 44/14:** Gjennomgang av fiskeregler for 2015
- Sak 45/14:** Styremøte i FH og haustmøte i Eidfjord 5. - 6. desember
- Sak 46/14:** Post og meldingar
 - a) Utbetaling av ROU-midlar 2014 (7000,- kr)
- Sak 47/14:** Mogelege andre saker

Sak 41/14: Godkjenning av innkalling og møteprotokoll
Ingen merknader

Sak 42/14: Oppsummering av reinsdyrjakta 2015
Fellingsprosenten på for Nord var 25,60 % og på Syd 26,08 %
Statistikk over felte dyr ligg som vedlegg 1

Sak 43/14: Svar frå Odda Kommune - freding av småvilt i perioden 20/9 - 30/9 i fredninskorridoren for villrein på Røldal Statsallmenning.
Kommunen presiserer nok ein gong at vi ikkje kan bruka § 23 i fjellova.
Vi konkluderte med at vi har brukta feil ord og legg heile saka bort.
Dersom det i ettertid skulle bli naudsynt å anka til Miljødepartementet, har vi gode moelegheiter til å få medhald.

Sak 44/14: Gjennomgang av fiskeregler for 2015
Torleif hadde laga forslag til nye fiskeregler (Vedlegg 2) og brev til Odda Kommune om dette. Dette vart gjennomgått og godkjent. Torleif sender brevet til kommunen for uttale.

Sak 45/14: Styremøte i FH og haustmøte i Eidfjord 5. - 6. desember
Ellen reiser for oss.
Torleif reiser for Villreinutvalget.

Sak 46/14: Post og meldingar
a) Utbetaling av ROU-midlar 2014 (7000,- kr)

Sak 47/14: Mogelege andre saker
a) Sau i Hellevass
Det var svært mykje sau i år, så vi bør prøva å få til eit møte med Skjold Beitelag, Hytteeigarane i Hellevass, Ullensvang Fjellstyre og oss.
b) Fiskefondet - senda inn rekneskap for settefiskprosjektet for å få utbetalt tilskot.

FELLINGSRESULTAT 2014 - NORD

	KALV	1 1/2 ÅRIG	2 1/2 ÅRIG	I ALT
HANNDYR	1	14	33	48
HODYR	8	1	38	47
I ALT	9	15	71	95

FELLINGSPROSENTEN PÅ NORD 2014 : 25, 25,60 %

KVOTE 2014 - NORD

FRITT DYR :	56
SIMLE/UNGDY	278
KALV :	37
TOTALT :	371

FELLINGSRESULTAT 2014 - SYD

	KALV	1 1/2 ÅRIG	2 1/2 ÅRIG	I ALT
HANNDYR	1	2	1	4
HODYR			2	2
I ALT	1	2	3	6

FELLINGSPROSENTEN PÅ SYD 2014 : 26,08 %

KVOTE 2014 - SYD

FRITT DYR :	2
SIMLE/UNGD	4
SIMLE	6
KALV	11
TOTALT :	23

Vedlegg 2

FISKEREGLAR

Generelle reglar

1. Alle over 16 år må løysa fiskekort.
2. Det er ikkje lov å nytta anna fiskereiskap enn handsnøre, stang eller garn.
Line, ståkrok og oter er forbode.
3. Alt fiske er tillate frå og med 1. juli kl. 0800 til og med 30. september kl. 1800.
4. Det er ikkje lovleg å setja garn nærrare innfals- eller utfallsosen enn 50 meter.
Garna må heller ikkje nyttast i elvar, bekkjer eller loner, (tjørnliknande utvidingar av vassdrag).
5. Det er ikkje lov å nytta garn med mindre maskevidde enn 31 mm. mellom knutane når garnet er vått, (20 omfar).
6. Det er tillete å fiska med inntil 10 garn.
7. Garna skal vera tydeleg merkte med eigaren sitt namn og adresse. Merka skal vera lett synlege.
8. Unnatak frå desse reglane vert fastsett i spesielle reglar.
9. Brot på dei generelle og spesielle reglane er straffbart.

Spesielle reglar:

1. I Ståvatnet, Hadlevatnet, Votna og Urdavatnet er tillete fiske med handsnøre, stang og garn heile året.
2. I Øvre- og Nedre Hellevatnet, Urdavatnet, Ståvatnet, Hadlevatnet og Votna er det tillete å fiska med oter.
3. I Urdavatnet gjeld ikkje reglane om maskevidde og garntal.
4. For innanbygdsbuande som har løyst fiskekort for garnfiske, gjeld dette og fiske med stong og oter.